

Møteinnkalling

Utval:	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad:	Fylkesutvalsalen 3. etg, Fylkeshuset
Dato:	24.06.2015
Tid:	09:30

Dagsorden:

kl. 09:30 - 11:30 Sakshandsaming
kl. 11:30 - 12:00 Lunsj
kl. 12:00 - 13:00 Sakshandsaming

Dersom nokon av rådet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Ellinor Kreybu
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 26/15	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 27/15	Godkjenning av sakliste		
PS 28/15	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 29/15	Referatsak (Meldingar)		
RS 16/15	Oversikt økonomi - per 11062015	2014/558	
RS 17/15	Større saker til politisk behandling våren 2015 - pr juni	2014/1527	
RS 18/15	Oppfølging av skulebruksplanen - førespurnad frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 19/15	Referat frå RMNF-AU 050615	2014/558	
RS 20/15	PS 53/2015 Val av standard på fylkesvegane - uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 21/15	PS 54/2015 Nedlegging av offentleg veg – Rv. 13 utanfor Myrdalstunnelen - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 22/15	Uttale til kartlegging av ferjeanlegg frå samferdselsavdelinga - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 23/15	Skulebygg som pedagogisk arkitektur - førespurnad frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 24/15	Sak PS 54/2015 . Rv. 13 utanfor Myrdalstunnelen (SAMU)	2014/558	
RS 25/15	Sak PS 53/2015 Val av standard på fylkesvegane (SAMU)	2014/558	
RS 26/15	Oppfølging av skulebruksplanen - førespurnad frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 27/15	Høyring - Trygt heim-ordninga	2014/38	
PS 30/15	Fylkeskryssande bussar - uttale frå fellesmøtet i Førde	2014/558	
PS 31/15	Pedagogisk arkitektur - uttale	2014/558	
PS 32/15	Ymse		

PS 26/15 Godkjenning av møteinnkalling

PS 27/15 Godkjenning av sakliste

PS 28/15 Godkjenning av møtebok forrige møte

PS 29/15 Referatsak (Meldingar)

DRIFT for JUNI 2015

Ansv.sted: 100320 Fylkesrådet for funksj.hemma Leder :

 DETALJBUDSJET
 R4/(1000 kr.)

Konto	Regnsk. Måned	Budsj. Måned	Avvik Måned	Regnsk. Hittil	Budsj. Hittil	Avvik Hittil	Regnsk. mnd.ifjor	Regnsk. hit.ifjor	Budsj. 2015
-------	------------------	-----------------	----------------	-------------------	------------------	-----------------	----------------------	----------------------	----------------

Kostn.sted : 10032000 - Fylkesrådet for funksjonshemma

Kostnader:

10630 Anna trekkpliktig løn									
10810 Møtegodtgj. politisk arbeid								2	
10820 Tapt arb.forteneste pol.arbe								3	
10821 Tapt arb.fortenese pol.arb m								4	
10990 Arbeidsgjevaravgift								4	
11600 Bilgodtgjersle, oppgåveplikt								1	
11610 Kostgodtgjersle, oppgåveplik								1	
11700 Reiseutgifter, ikkje oppgåve								1	
14290 MVA utanfor mva-loven									
SUM Kostnader:								16	

Inntekter:

17290 Kompensert mva.									
NTO. Fylkesrådet for funksjonshemma								16	

Kostn.sted : 10032001 - Rødsmeier

Kostnader:

10810 Møtegodtgj. politisk arbeid	4	-4	11	14	3	1	13	30	
10820 Tapt arb.forteneste pol.arbe	5	-5	13	14	1		9	30	
10821 Tapt arb.fortenese pol.arb m			6		-6	3	6		
10990 Arbeidsgjevaravgift	1	-1	5	5	-1	1	4	10	
11150 Bevertning/ Matvarer		1	2	6	4	1	3	12	
11231 Møteutgifter				2	3		1	5	
11401 Gåver				2	3		5	5	
11600 Bilgodtgjersle, oppgåveplikt	1	-1	3	2			2	5	
11610 Kostgodtgjersle, oppgåveplik		1	2	3	1	1	3	7	
11700 Reiseutgifter, ikkje oppgåve	1	1	2	8	5	1	5	15	
14290 MVA utanfor mva-loven							1		
SUM Kostnader:	13	4	-9	44	56	12	8	50	119

Inntekter:

17290 Kompensert mva.								-1	
NTO. Rødsmeier	13	4	-8	44	56	13	7	50	119

Kostn.sted : 10032002 - AU

Kostnader:

10820 Tapt arb.forteneste pol.arbe			3	5	2		4	10
10990 Arbeidsgjevaravgift				1	1		1	2
11150 Bevertning/ Matvarer				1				1
11600 Bilgodtgjersle, oppgåveplikt				1	1			1
11610 Kostgodtgjersle, oppgåveplik				1	1		1	1
11700 Reiseutgifter, ikkje oppgåve				1				1
14290 MVA utanfor mva-loven								
SUM Kostnader:			3	7	4		6	16

DRIFT for J U N I 2015

Ansv.sted: 100320 Fylkesrådet for funksj.hemma Leder :

 DETALJBUDSJET
 R4/(1000 kr.)

Konto	Regnsk. Måned	Budsj. Måned	Avvik Måned	Regnsk. Hittil	Budsj. Hittil	Avvik Hittil	Regnsk. mnd.ifjor	Regnsk. hit.ifjor	Budsj. 2015
-------	---------------	--------------	-------------	----------------	---------------	--------------	-------------------	-------------------	-------------

Inntekter:

17290 Kompensert mva.									
NTO. AU				3	7	4		6	16

Kostn.sted : 10032003 - Kurs og konferanser
Kostnader:

10820 Tapt arb.forteneste pol.arbe	9	-9	13	11	-2	1	4	25	
10821 Tapt arb.fortenese pol.arb m	3	-3	3		-3	3	3		
10990 Arbeidsgjevaravgift	2	-2	2	1	-1	1	1	3	
11150 Beverting/ Matvarer		1	5	3	-1			7	
11500 Kurs / kompetanseheving		3	23	18	-6	1	1	35	
11600 Bilgodtgjersle, oppgåveplikt	2	-2	2	2	-1	1	1	3	
11610 Kostgodtgjersle, oppgåveplikt	2	-2	3	2	-1	1	1	5	
11700 Reiseutgifter, ikkje oppgåve	3	3	8	20	12	4	17	40	
14290 MVA utanfor mva-loven			1		-1		1		
SUM Kostnader:	22	8	-14	61	58	-3	11	29	118

Inntekter:

17290 Kompensert mva.			-1		1		-1		
NTO. Kurs og konferanser	22	8	-14	59	58	-1	11	28	118

Kostn.sted : 10032004 - Eigne arrangement
Kostnader:

10630 Anna trekkpliktig løn								
10820 Tapt arb.forteneste pol.arbe				5	5		3	10
10821 Tapt arb.fortenese pol.arb m							3	
10990 Arbeidsgjevaravgift					1	1	1	2
11150 Beverting/ Matvarer		5	5	30	30		20	60
11231 Møteutgifter					2	3	2	5
11401 Gåver		1	1		5	5	10	10
11500 Kurs / kompetanseheving		10	10		60	60	22	120
11600 Bilgodtgjersle, oppgåveplikt					2	2		3
11610 Kostgodtgjersle, oppgåveplikt					2	3	2	5
11690 Honorar sjølvstendig nærings		2	2		12	13		25
11700 Reiseutgifter, ikkje oppgåve		1	1		3	4	5	7
12780 Kjøpte tenester							14	
14290 MVA utanfor mva-loven							3	
SUM Kostnader:	20	20		123	123		85	247

Inntekter:

16231 Inntekt kursverksemd, kommun		-8	-8		-50	-50		-100	
17290 Kompensert mva.							-3		
SUM Inntekter:		-8	-8		-50	-50	-3	-100	
NTO. Eigne arrangement		11	11		73	73	82	147	
NTO DRIFT	34	24	-11	106	195	88	18	181	400
NETTO Fylkesrådet for funksj.hemma	34	24	-11	106	195	88	18	181	400

DRIFT for J U N I 2015DETALJBUDSJETT
R4/(1000 kr.)**Ansv.sted: 100320 Fylkesrådet for funksj.hemma Leder :**

Konto	Regnsk. Måned	Budsj. Måned	Avvik Måned	Regnsk. Hittil	Budsj. Hittil	Avvik Hittil	Regnsk. mnd.ifjor	Regnsk. hit.ifjor	Budsj. 2015
-------	------------------	-----------------	----------------	-------------------	------------------	-----------------	----------------------	----------------------	----------------

DRIFT for JUNI 2015

Ansv.sted: **SUMRAPPORTERING**

Leder :

Konto	Regnsk. Måned	Budsj. Måned	Avvik Måned	Regnsk. Hittil	Budsj. Hittil	Avvik Hittil	Regnsk. mnd.ifjor	Regnsk. hit.ifjor	Budsj. 2015
-------	------------------	-----------------	----------------	-------------------	------------------	-----------------	----------------------	----------------------	----------------

Kostnader:


10630 Anna trekkpliktig løn									
10810 Møtegodtgj. politisk arbeid	4		-4	11	14	3	1	15	30
10820 Tapt arb.forteneste pol.arbe	14		-14	29	34	6	1	22	75
10821 Tapt arb.fortenese pol.arb m	3		-3	9		-9	6	17	
10990 Arbeidsgjevaravgift	3		-3	8	8		1	10	17
11150 Bevertning/ Matvarer		7	7	7	40	33	1	23	80
11231 Møteutgifter		1	1		5	5		3	10
11401 Gåver		1	1		7	8		15	15
11500 Kurs / kompetanseheving		13	13	23	78	54	1	23	155
11600 Bilgodtgjersle, oppgåveplikt	3	1	-2	5	6	1	1	4	12
11610 Kostgodtgjersle, oppgåveplik	3	2	-1	5	9	4	1	7	18
11690 Honorar sjølvstendig nærings		2	2		12	13			25
11700 Reiseutgifter, ikkje oppgåve	4	5	1	10	31	21	5	29	63
12780 Kjøpte tenester								14	
14290 MVA utanfor mva-loven				2		-2		5	
SUM Kostnader:	35	32	-3	108	245	137	19	186	500

Inntekter:

16231 Inntekt kursverksemd, kommun		-8	-8		-50	-50			-100
17290 Kompensert mva.				-2		2		-5	
SUM Inntekter:		-8	-8	-2	-50	-48		-5	-100
NTO DRIFT	34	24	-11	106	195	88	18	181	400
NETTO SUMRAPPORTERING	34	24	-11	106	195	88	18	181	400



SUMRAPPORTEN BESTÅR AV FØLGENDE HOVEDDATA

<u>Ansv.sted:</u>	<u>KOSTNADSAVVIK</u>	<u>INNTEKSAVVIK</u>	<u>NETTOAVVIK</u>
100320 Fylkesrådet for funksj.hemma	137	-48	88 
	137	-48	88

Notat

 Dato: 29.05.2015
 Arkivsak: 2014/1527-21
 Saksbehandlar: hanrun

Til:	Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Større saker til politisk behandling våren 2015 - pr juni

Tabellen under viser saker som administrasjonen arbeider med og som det er planen å leggja fram for politisk behandling i løpet av halvåret. Oversikten vert ajourført til kvart møte i fylkesutvalet, slik at saker som er ferdig behandla vert tatt ut av lista og nye kan koma til. For nokre saker er det så langt ikkje fastsett dato for når dei kjem til behandling.

Saker	Kultur- og ressurs-utvalet	Opplærings- og helse-utvalet	Samferdsels-utvalet	Fylkesutvalet	Fylkestinget	Sist endra	Merknader
Organisasjonsavdelinga							
Løypemelding – Førebudd på framtida				18.06.			Adm.utval 17.06.
Årsmelding 2014					9.-10.06.		
Økonomiavdelinga							
Rekneskap 2014				19.05.	9.-10.06.		
Tertialrapport 1. tertial 2015				19.05	9.-10.06.		
Finansrapport 1.tertial 2015				19.05.	9.-10.06.		
Nye Voss gymnas - forprosjekt		12.05.		19.05.	9.-10.06		
Opplæringsavdelinga							
Organisering av Vaksenopplæringa		12.05.		19.05			
Disponering av fellesfond		12.05.		19.05.			
Skulebygg som pedagogisk arkitektur		18.08.		27.08.			
Oppfølging Skulebruksplanen		02.06.		18.06.			
Lærlingplan og lærlingprognose		12.05.		19.05.	9.-10.06.		
Utdanningsprogramma ST, MK og KDA – dimensjonering og struktur		10.11		18.11.	08.12		

Saker	Kultur- og ressurs-utvalet	Opplærings- og helse-utvalet	Samferdsels-utvalet	Fylkes-utvalet	Fylkes-tinget	Sist endra	Merknader
Regionalavdelinga							
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger – vedtak om høyring				19.05.		29.05.15	
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet – vedtak om høyring	02.06.	02.06.	03.06.	18.06.		15.01.15	
Mulighetsstudiet på Hjeltnes		10.11.15		18-19.11.15	8.-9.12.15	30.04.15	
Sluttrapport LUK				29.10.			
Referatsak: Inspirasjonskonferansane				18.06.			
Forvaltningsplan for vatn – Vassregion Hordaland med tiltaksprogram – endeleg vedtak	12.11.15			18.-19.11.15	8.-9.12.15	24.04.15	
Referatsak: Leverandørindustriens framtid; status og moglegheiter				19.05			
Medfinansiering av forskningsprosjekt Vestlandet – fremarbeiding av datagrunnlag bærekraftig cruiseutvikling				19.05.			
Regional plan for areal- og transport på Haugalandet				19.05	09.06	29.05	
Kommunedelplan E39 – Stord-Os, planprogram	02.06		03.06.	18.06		29.05.	
Kommunedelplan E134 - Etne	02.06					29.05	
Vidareføring av Næringsbarometeret				18.06.		29.05	
Søknad om 132kV-kraftleidning Dalsbornfjellet-Frøyset - fråsegn	02.06			18.06.		29.05	
Biosfære Nordhordland	02.06			18.06		29.05	
Tilskot til viltformål	02.06.					29.05	
Støldalselva kraftverk AS – Søknad om auka slukeevne i Støldalselva kraftverk i Jondal kommune				18.06		29.05	
Tysso kraftverk AS – Søknad om løyve til Tysso kraftverk i Ulvik herad	20.08.			27.08.		29.05	
Høyring av søknad om konsesjon til bygging av Austdøla kraftverk i Ulvik herad	20.08.			27.08.		29.05	
Samferdselsavdelinga							
El-bil på ferjer			03.06	18.06			
NTP 2018-27 – analyse og strategifase			03.06	18.06			
RTP – utleggjing av planforslag til høyring			19.08.	27.08.			
Prinsippsak om bompenger på Sotrasambandet			09.09	24.09.	27.10		

Saker	Kultur- og ressurs-utvalet	Opplærings- og helse-utvalet	Samferdsels-utvalet	Fylkes-utvalet	Fylkes-tinget	Sist endra	Merknader
Rapport om bruberedskap			19.08.	27.08			
Rapport om samhandling innan vegområdet			30.09	29.10			
Plan og byggjeprogram for fylkesvegar			11.11.	19.11.	09.12		
Rapport om regionalt bompengeselskap			09.09.	24.09.	27.10		
Kultur- og idrettsavdelinga							
Søknad om støtte til å sikre friluftslivsområder etter vindfall	02.06.			18.06			
Nordisk verdsarvkonferanse i Bergen 22 til 24 september 2015. Søknad om tilskott. Politisk representasjon	02.06			18.06			
Driftsstønad til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar 2015	02.06						
Tilskott til viltføremål 2015	02.06						
Jubileumsgåve til Kunsthuset Kabuso – tilskott til flygel	02.06			18.06			
Hordaland teater – flytting til Logen	02.06			09.06			
Hardingfela.no	02.06						
Fordeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2015	02.06						
Ulike kulturføremål – Opne søknader vår 2015	02.06						



Notat

Dato: 08.05.2015
Arkivsak: 2014/558-137
Saksbehandlar: ingtakl

Til: Opplæringsavdelinga

Frå: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Oppfølging av skulebruksplanen - førespurnad frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å sende ein førespurnad til opplæringsavdelinga for å få informasjon om korleis strukturen for tilrettelagt undervisning er i skulebruksplanen. Rådet ønskjer og å vite kor det vert eit tilbod om tilrettelagt opplæring i fylket og kva som er planen vidare.

Med venleg helsing,

Harald Norheim
Leiar

Møtereferat

Dato: 05.06.2015

Emne:	Referat frå RMNF-AU 050615		
Til stades:	Harald Norheim Jostein Ljones		
Forfall:			Sak: 2014/558-141
Møtetid:	11:00-13:15	Møtestad: Fylkesutvalssalen, fylkeshuset	

Møteleiar: Harald Norheim**Referent: Ingeborg Borgen Takle****Sak 07/15 Studietur for rådet sine medlemar**

RMNF har vedteke å gjennomføre ein studietur til London, helst i samband med det siste møtet før ferien, 24. juni. AU fekk fullmakt til å planlegge turen.

VEDTAK

Arbeidsutvalet vedtok at møtet vert heldt på flyplassen, 24. juni før avreise eller 23. juni på ettermiddag/kveld, og at alle medlemar får tilbod om overnatting på hotellet på flyplassen. Rådet tek eit fly på formiddagen og reiser heim dagen etter på kvelden. Programmet vert noko slikt:

- Kommer til hotellet
- Møte med transportavdelinga eller noko liknande organisasjon
- Middag
- Musikal

Neste dag:

- Besøk til British Museum med møte der ein får forklart kva som vert tilrettelagt og korleis.
- Møte med fylkeskommunen?
- Heimreise

Målet er å bruke den informasjon som er tilgjengeleg for at alle i reisefølgje skal få så bra oppleving som mogleg, og sjå om det er aktuelle tiltak ein bør foreslå for Hordaland fylkeskommune. London har fått ein enorm utvikling på området universell utforming etter London 2012, og paralympics, og dette gler arbeidsutvalet seg til å sjå meir av.

Arbeidsutvalet vedtok å sende ein søknad til fylkesordførar via sekretær om å få lov til å reise til utlandet via sekretær.

Arbeidsutvalet vedtok å be om tilbakemelding frå medlemane snarast for å sikre at så mange som mogleg kunne vere med.

Sak 8/15 Oppfølging opplæringsavdelinga

RMNF har sendt to førespurnadar til opplæringsavdelinga. Her er tilbakemelding på dei:

- Angående skulebruksplanen og tilrettelagt opplæring: Sakshandsamar har svart på førespurnaden, men det er ikkje sendt vidare til sekretær.
- Pedagogisk arkitektur: RMNF har fått tilsendt utkast til ny plan for pedagogisk arkitektur som vert lagt fram som sak til hausten. Sakshandsamar har lagt til innspel frå rådet frå orienteringsmøtet i samband med Nye Voss vidaregåande skule.

VEDTAK

Arbeidsutvalet vedtok:

Skulebruksplanen og tilrettelagt opplæring: å purre på opplæringsavdelinga for svaret frå sakshandsamar, og legge dette ved neste rådsmøte som referatsak.

Pedagogisk arkitektur: å sette opp som sak på neste rådsmøte med følgjande uttale: «Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne set pris på å få tilsendt utkast til ny plan for pedagogisk arkitektur. Det er tydeleg at dei innspela rådet har kome med har vore teke med i arbeidet og rådet er særns nøgd med punkt 2.2 på side 5. Rådet støttar planen og ber om å få den på høyring når den vert sendt til politisk handsaming til hausten.»

Ny plan for pedagogisk arkitektur vert satt opp som politisk sak på neste rådsmøte.

Sak 9/15 Utdeling av årsmeldinga 2014 frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Årsmeldinga for 2014 frå rådet skal opp til handsaming i fylkestinget 9.-10. juni.

VEDTAK

Arbeidsutvalet ber om at årsmeldinga vert trykka opp og delt ut til medlemane i fylkestinget.

Sak 10/15 Oppfølging samferdsel

RMNF hadde innspel på to sakar i samferdselsutvalet, der Jostein Ljones fremja begge i møtet.

VEDTAK

Arbeidsutvalet ber om at protokollen i dei to sakane vert lagt ved som referatsak på neste rådsmøte.

Sak 11/15 Orientering frå kulturavdelinga

RMNF har bedt om ein orientering om tilskotsordningar og kva kriterier det er for tilgjengelegheit til aktivitetar for menneske med nedsett funksjonsevne.

VEDTAK

Arbeidsutvalet ser at ved eit møte 24. juni på flyplassen vil det vere vanskeleg for kulturavdelinga å stille med ein orientering. Arbeidsutvalet ber derfor om at rådet får eit kort skriftleg notat angående tilskotsordningane, og dersom det er fleire spørsmål vil utvalet be om å få ein munnleg orientering til hausten.

Sak 12/15 Hausten og valet

Det er fylkestingsval den 14. september. Fylkestinget godkjenner valet i midten av oktober og i slutten av oktober vert utvala vald. Rådet sitt siste ordinære møte er i september og møtet i november vil vere med både det nye og gamle rådet. Rett etter at det nye rådet har byrja må årsmeldinga skrivast.

VEDTAK

Arbeidsutvalet vedtok at rådet må skrive eit utkast til årsmeldinga som kan presenterast til det nye styret. Eit forslag til eit slikt utkast må vere ferdig til rådsmøtet i september, og helst til 19. august. Arbeidsutvalet vil be om at Kjell Søvik gjentek den gode jobben han gjorde med årsmeldinga for 2014 og lagar eit forslag til årsmelding 2015 innan 19. august. Rådet må og sjå på kva sakar rådet bør jobbe vidare med og ha fokus på.

Arbeidsutvalet vedtok at følgjande saker skal opp som politiske saker på rådsmøtet i september:

- Utkast til årsmelding
- Saker rådet meiner på ha fortsatt fokus
- Overlevering av kompetanse til nytt råd
- Budsjet 2016, for rådet og for fylkeskommunen



Notat

Dato: 08.05.2015
Arkivsak: 2014/558-134
Saksbehandlar: ingtakl

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

PS 53/2015 Val av standard på fylkesvegane - uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har gjennomgått saka om vegstandardar og ber om at eventuelle fråvik frå vegnormalane ikkje må gå ut over krav til universell utforming.

Med venleg helsing,

Harald Norheim
Leiar



Notat

Dato: 08.05.2015
Arkivsak: 2014/558-135
Saksbehandlar: ingtakl

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

PS 54/2015 Nedlegging av offentlig veg – Rv. 13 utanfor Myrdalstunnelen - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne visar til saker som har vore oppe tidlegare, Haukanes tunnelen Fv 7 og Vangdalsbergstunnelen Fv 39, der det er opna for sykkel og gange i tunnelen og vegen på utsida er lagt ned. Rådet ser med uro på at ein blandar mjuke og harde trafikantar inne i tunnelen utan fysisk skilje.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer at det vert tilrettelagt med gang og sykkelvei med fysisk skilje dersom det skal vere gang- og sykkelveg inne i tunnelen. Ber om at dette verte tatt med i planarbeidet tidlegare.

Med venleg helsing,

Harald Norheim
Leiar



Notat

Dato: 08.05.2015
Arkivsak: 2014/558-136
Saksbehandlar: ingtakl

Til: Samferdselsavdelinga ved Inge Edvardsen

Frå: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Uttale til kartlegging av ferjeanlegg frå samferdselsavdelinga - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne takkar for orienteringa og presiserer at rådet set pris på å vere involvert så tidleg i prosessen. Rådet har nokre punkt som ein meiner det er viktig å ha med i kartlegginga:

- *Tilrettelegging ferjekai:* Dekke på ferjelemmar og der ein går i land: Potane til førarhundar er ofte utsatt ved bruk av dekke med små hull i.
- *Informasjon:* Korleis er det ivareteke for synshemma? Til dømes med taktil skrift eller med opplesing. På same punkt meiner rådet det kan vere aktuelt å sjå på kor informasjonen er tilgjengeleg, rutehefte i eit monter, lystavle eller inne i eit venterom.
- *Knutepunktsfunksjoner:* Det er eit poeng å måle breidda på døra i venteromma. Sjølv om det er trinnfritt er det ikkje sikkert at ein rullestol kan kome inn.

Med venleg helsing,

Harald Norheim
Leiar



Notat

Dato: 08.05.2015
Arkivsak: 2014/558-138
Saksbehandlar: ingtakl

Til: Opplæringsavdelinga

Frå: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Skulebygg som pedagogisk arkitektur - førespurnad frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å be opplæringsavdelinga om ein orientering til neste møte med informasjon om plan for handsaming, samt dei store endringane som er tenkt frå nåverande dokument. Rådet ber og om å få nåverande dokument tilsendt.

Med venleg helsing,

Harald Norheim
Leiar

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.05.2015

Uttale frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, dagsett 08.05.15, vart sendt til medlemmane av samu på e-post.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet tek til etterretning at gamlevegen utanfor Myrkdalstunnelen på Rv 13 vert nedlagt som offentleg veg.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.05.2015

Uttale frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, dagsett 08.05.15, vart sendt til medlemmane av samu på e-post.

Jostein Ljones sette på vegne av SP, SV fram forslag om tillegg til innstillinga.

Eventuelle fråvik frå vegnormalane må ikkje redusera krava til universell utforming.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Tilleggsforslaget frå Jostein Ljones vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkestinget tek gjennomgangen til Statens vegvesen om vegstandard til orientering, men legg til grunn at problemstillingar knytt til standardkrav vert teke nærare opp i rulleringa av Regional transportplan.

Eventuelle fråvik frå vegnormalane må ikkje redusera krava til universell utforming

Notat

 Dato: 20.05.2015
Arkivsak: 2014/558-140
Saksbehandlar: oddber3

Til:	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Frå:	Fylkesdirektør opplæring

Oppfølging av skulebruksplanen - førespurnad frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har stillt følgjande førespurnad til Opplæringsavdelinga:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å sende ein førespurnad til opplæringsavdelinga for å få informasjon om korleis strukturen for tilrettelagt undervisning er i skulebruksplanen. Rådet ønskjer og å vite kor det vert eit tilbod om tilrettelagt opplæring i fylket og kva som er planen vidare.»

Opplæringsavdelinga har som mål at alle dei vidaregåande skulane i Hordaland samt fagskulane skal kunne tilby tilrettelagt undervisning for elevar i *ordinært tilbod* utan at skulebygget i seg sjølv set skrankar for dette. Med tanke på skulebruksplanen betyr dette at alle eksisterande skular skal vere universelt utforma (UU) innan 2020. Dette er eit pågåande arbeid, og fleire skular har allereie fått på plass naudsynt UU. Alle nybygg vert bygd etter dagens standard for universell utforming.

På dei skulane det er planlagt byggearbeid (nybygg, rehabilitering) i åra framover vil UU-tilpassing bli gjort i samband med byggearbeidet. Slik planane ligg føre no, skal alle eksisterande skular i Hordaland vere UU-utforma når Nye Åsane vgs står ferdig tentativt skuleåret 2019/2020.

Når det gjeld elevar i grupper med redusert elevtal og som vert tatt opp på særskilt grunnlag, er dette tilbodet planlagt lokalisert og dimensjonert som vist i tabellen under:

Framtidig skolestruktur på Særskild tilpassa opplæring		TO tilpassa opplæring
NORD	Osterøy vgs	
	Knarvik vgs	48
	U.Pihl/Åsane vgs	60
SENTRUM	Bergen tekniske	
	Amalie Skram	18
	Årstad vgs	62
SØR	Nordahl Grieg vgs	16
	Stend vgs	88
	Os vgs	11
	Sandsli vgs	10
	Fusa vgs	5
VEST	Fyllingsdalen vgs	8
	Laksevåg vgs	40
	Olsvikåsen vgs	30
	Askøy vgs	28
	Sotra vgs	32
SUNNH	Austevoll vgs	4
	Stord vgs	62
	Kvinnherad vgs	4
VOSSHARD	Øystese gymnas	12
	Odda vgs	12
	Nye Voss gymnas	16
Hordaland		578

Merknad til tabellen:

- ✓ Tilbodet planlagt på Amalie Skram vert lagt til Årstad vgs

Til mottakarane

Dato: 30.05.2015
Vår ref.: 2014/38-2
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Høyring - Trygt heim-ordninga

Fylkeskommunen driv som kjend, innafor «Trygt heim»-konseptet, fast og sporadisk tilrettelagt nattransport for ungdom i samband med faste og sporadiske arrangement.

Administrasjonen er beden om å leggje fram ei ny evaluering av ordninga. Evalueringa skal mellom anna vurdere dagens organisering og sjå på høve for utviding til fleire kommunar.

Vi vil med dette invitere høyringspartane som har hatt faste eller sporadiske «Trygt heim-ruter» i sin kommune til å melde inn sine erfaringar med tilbodet, og kome med ei vurdering av tilbodet, mellom anna kva gjeld tiltaket si effekt på trafikktryggleik og ungdommen sine reisevaner heim frå seine arrangement o.l.

Vi vil invitere alle høyringspartane til å kome med mest mogleg konkrete og spesifiserte forslag til nye nattransportopplegg for ungdom i målgruppa 16-25 år, og forslag til organisering av opplegga. Forslaga må gjerne vere utforma i dialog med målgruppa. Kreative forslag er like velkomne som meir tradisjonelle forslag.

Innspel i denne høyringa vil danne grunnlag for vurdering av å setje opp nye «Trygt heim»-tilbod i fylkeskommunal regi, såfram det vert vedteke å vidareføre ordninga og innafor den budsjetttramma som i så fall vil vere til rådvelde.

Eventuelle innspel må sendast seinast 13. juli i år.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Arkivnr: 2014/558-133
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	30/15	24.06.2015

Fylkeskryssande bussar - uttale frå fellesmøtet i Førde

Samandrag

På fellesmøtet i Førde 22. april 2015 mellom rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland vert det føreslått at ein sendar inn ein slik uttale til dei respektive fylkeskommunane:

«Rådet for Likestilling av Funksjonshemma i Møre og Romsdal, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland samt Fylkesrådet for funksjonshemma i Sogn og Fjordane, har i eit samarbeidsmøte i Førde 20.april 2015 drøfta sak om fylkeskryssande bussruter.

Det er svært problematisk for menneske med nedsett funksjonsevne å reise kollektivt gjennom fylka våre . Dette er i strid med intensjonen i Nasjonal Transportplan der eit av hovudmåla er fleire samanhengande reisekjeder med universell utforming.

I samband med nye anbods-utlysingar vil vi presisere kor viktig det er at alt materiell skal vere universelt utforma, også reservemateriellet. Sjåfør opplæringa er også ein del av universell utforming. Det er ikkje nok at bussen har heis dersom ikkje sjåføren kan bruke den. For å sikre reell gjennomføring av universell utforming er det viktig med rutinar for etterkontroll og kvalitetssikring.

Ved eventuelle bussbyter er det vesentleg at korresponderande bussar er utstyrte på same måten og at bagasjen vert handsama slik at dei som treng det får hjelp. Dette vil sikre at kollektivtilbodet kan nyttast av alle. Råda meiner at det beste er ein buss gjennom heile rutestrekninga.

Fylkesråda handsamar denne uttalen som sak . Vedtaket vert oversendt dei aktuelle samferdsleavdelingane i fylkeskommunane.»

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å sende ei slik uttale til samferdselsavdelinga:

«Rådet for Likestilling av Funksjonshemma i Møre og Romsdal, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland samt Fylkesrådet for funksjonshemma i Sogn og Fjordane, har i eit samarbeidsmøte i Førde 20.april 2015 drøfta sak om fylkeskryssande bussruter.

Det er svært problematisk for menneske med nedsett funksjonsevne å reise kollektivt gjennom fylka våre . Dette er i strid med intensjonen i Nasjonal Transportplan der eit av hovudmåla er fleire samanhengande reisekjeder med universell utforming.

I samband med nye anbods-utlysingar vil vi presisere kor viktig det er at alt materiell skal vere universelt utforma, også reservemateriellet. Sjøføroplæringa er også ein del av universell utforming. Det er ikkje nok at bussen har heis dersom ikkje sjåføren kan bruke den. For å sikre reell gjennomføring av universell utforming er det viktig med rutinar for etterkontroll og kvalitetssikring.

Ved eventuelle bussbyter er det vesentleg at korresponderande bussar er utstyrte på same måten og at bagasjen vert handsama slik at dei som treng det får hjelp. Dette vil sikre at kollektivtilbodet kan nyttast av alle. Råda meiner at det beste er ein buss gjennom heile rutestrekninga.

Fylkesråda handsamar denne uttalen som sak . Vedtaket vert oversendt dei aktuelle samferdsleavdelingane i fylkeskommunane.»

Janne Vernøe
leiar

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Arkivnr: 2014/558-142
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	31/15	24.06.2015

Pedagogisk arkitektur - uttale

Samandrag

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fått tilsendt utkast til ny plan for pedagogisk arkitektur som vert lagt fram som sak til hausten. Sakshandsamar har lagt til innspel frå rådet frå orienteringsmøtet i samband med Nye Voss vidaregåande skule.

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å sende ein slik uttale til opplæringsavdelinga:
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne set pris på å få tilsendt utkast til ny plan for pedagogisk arkitektur. Det er tydeleg at dei innspela rådet har kome med har vore teke med i arbeidet og rådet er særst nøgd med punkt 2.2 på side 5. Rådet støttar planen og ber om å få den på høyring når den vert sendt til politisk handsaming til hausten.

Janne Værnø
Kommunikasjonsdirektør

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

PS 32/15 Ymse